



Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN
TLF: 56 58 11 30
Faks: 56 58 11 99
post@byggadmin.no

Dato.25.04.2018


Gnr. Bnr. 116/8. Revidert søknad om godkjenning av VA-plan for utbygging på Lauvås, gnr./bnr. 116/62 med fleire

Viser til tidlegare innsendt søknad, kommunens tilbakemelding møte med Lindås Kommune 14.03 og sender inn reviderte planer for VA-anlegget.

Teikningar med brannvassdekning er sendt brannførebyggjande avdeling v/ Ole Johan Ingebriksen. Vi har ikkje motteke noko svar, men vil ettersende dette når vi får eit svar frå brannførebyggjande avdeling.

Vedlagt ligg skriftleg som sikrar at utbyggjar Gaard Eiendomsutvikling AS kan føre overvatn frå feltet over gnr./bnr. 116/7 og fram til bekk på eigedomen. Frå bekken blir overvatn før vidare i vassdraget ned mot Evjo og deretter ut i sjø. Sjå vedlagt oversiktsteikning.

Eksisterande stikkrenne til Statens Vegvesen vert ikkje belasta. Det er søkt om løyve til å leggje ny overvassleidning i eige røyr under Fv. 415, Risasjøvegen.



Som vist på reviderte planar vert spillvatn ført til sjø i same trase som vassforsyninga kjem opp til feltet. Det vert etablert eige borehol for spillvatn under Fv 57. Som vist på figur til venstre er det på sjøkartet registrert djupne i området på over kote -20. Ved utlegging av sjøledning skal utførande firma dokumentere i sin FDV trase på leidning og at denne er avslutta på riktig djupne.

Søknad om godkjenning av utslepp vil bli sendt byggesak samstundes med søknad om etablering av bustader. Søknad om utslepp vil vere basert på bruk av slamavskiljar med overføringsleidning til sjø og utslepp til kote -20.

Planane for vassforsyninga er endra. Vedlagt ligg reviderte planar med vasskummar før og etter borholet og ny kum på eksisterande leidning ved sjøen. I borholet vert vassleidning (160 mm PE) lagt i varerør (200 mm SDR17 varerør har en godstykkelse på 12 mm og vil da ha en innvendig diameter på 176 mm).

Det er lagt 250 mm stikkrenne under innkøyrsel til feltet.

Med vennlig helsing



Andrè Bjørndal
for Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS